

Håmår



gnr. 2, 3 og 4.

Av Knut Raastad, mars 2025



Lalm 1974. Foto: Gunvor Ahlberg / Gudbrandsdalsmusea, digitaltmuseum.no

Håmår uppistugu	side 2
Sveinlykkja	side 5
Imbertlykkja	side 7
Bruvik	side 8
Håmår nistugu	side 11
Jevne / Gammelposthuset	side 14
Ekren	side 15
Stubrud / Enkjelykkja	side 16
Håmårlykkja	side 17
Brustugu	side 20
Statsskogen / sentrum	side 21
Lalm skule	side 27

Håmår uppistugu

I 1586 var det skjøte på 1 hud i Håmår til kongen Fredrik 2. frå Gyrvild Fadersdotter Sparre, enkje etter Lauge Brahe. Dette krongodset på 1 hud etter fru Gjørvel vart også nemnd i 1607.

Jonn Hammer vart nemnd som leiglending på Håmår frå 1610 til 1618. Han brukte truleg halve garden som truleg var uppistugu, og ein medbrukar betalte skatt for det som kanskje var nistugu.

På 1620-talet var det to brukarar av Håmår, på det eine bruket var Guttorm og framover følgde namna Guttorm og Mikkel etter kvarandre.

Håmår vart i 1666-1668 nemnd som ein gard med to brukarar, oppsitjarane eigde 3 huder og kongen 1 hud. Michel Guttormsen var den eine brukaren som brukte halvdel, han vart også nemnd som brukar i 1645. I 1698 var det skifte etter Michel Hammer, han hadde 5 barn:

- Guttorm, neste brukar
- Thor, g.m. Marit Haldorsdtr., til nistugu Håmår
- Knut
- Mari
- Torø

Men odelskatteliste i 1663 viser at Lauridz Hollen da fekk jordleige av ½ hud i Håmår. Dette let han lesa kjøpebrev på i 1671, han hadde kjøpt det av Ellev Johansen og Anne Nilsdtr. Johannes Lien og Gulbrand Rødningen hevda i 1672 odelsrett til dette overfor Ener Holen som må vera son til Lauridz. Forfedrane hans hadde løyst godset av Hr. Christopher. Ingrid og Hans Holen som i 1721 framstod som eigarar av dette var barna til Ener Holen.

Skoskatten 1711 viste at da var Guttorm Hammer brukar på Håmår, han vart også nemnd i 1702. Guttorm Michelsen Hammer d.ca.1719 var gift med Kari Syversdotter, ved skifte i 1719 eigde dei 1 hud i Håmår. Guttorm og Kari hadde 6 barn:

Marit f.ca.1692
Guri f.ca.1694
Michel, neste brukar
Syver
Tor
Oluf

Michel Guttormsen fekk i 1721 skjøte på Håmår frå syskjena, Hans Holen samt eigen og hustrus arv, til saman 1 ½ hud.

Michel Guttormsen kjøpte ½ hud frå kongen i 1726-1733 for 35 rd. (brukaren på nistugu kjøpte også ½ hud i Håmår). Michel var gift med Ingrid Enersdotter, ho var truleg frå Holen i Heidal dotter til Einar Larsen Holen 1643-1698 og Torø Hansdtr. Rudi 1651-1695. Michel og Ingrid hadde 3 barn:

Guttorm f.ca.1711 d.1780, neste brukar
Ener f.ca.1714 d.1801, g.m. Mali Christensdtr. d.1795, til Sundlien og Klokkargarden
Anders f.ca.1718 d.1755

Det var skifte i 1736 etter Michel Guttormsen Hammer og Ingri Enersdtr., dei eigde da 2 huder i Håmår. I 1738 vart det tinglyst skjøte frå syskjena for 180 rd. til broren Guttorm Michelsen. Guttorm Michelsen var gift med Kirsti Sarqvsesdotter f.ca.1712 d.1785, dei hadde 5 barn:

Ole, myndig i 1780
Anne f.1742, g.m. husmann Knut Paulsen
Kari f.1745 d.før 1780
Hans 1752-1752
Ingrid f.1756, 23 år i 1780

1780 offentlig auksjon over øvre og nedre Håmår, høgstbydande vart Iver Thorsen Tofte med bod 2211 rd. (Guttorm hadde samla Håmår, men fall bort 1780)

I 1783 var det skjøte på øvre Håmår skyld 2 huder frå Iver Tordsen Haagenstad til Erland Pedersen Langrusten for 1245 rd. Erland Pedersen f.ca.1742 d.1803? skifte 1815 vart 1771 gift med Imbjør Larsdotter, truleg dotter til Amund søre Stade. Familien budde tidlegare i Langrusten i Heidal og kom etter at dei var på Håmår til Øverlien i Ottdalen. Erland og Imbjør hadde 11 barn:

Peder f.ca.1772
Anne f.1776
Lars f.ca.1778 , Brustugun
Guttorm f.1783
Østen f.ca.1786
Thor f.ca.1788 d.1842, til øre Bjørnstad
Jon
Marit 1791-1861, g.m. Poul Torstensen Kjølstad 1789-1835
Ole f.1792

Hans f.ca.1795

Erland f.1797, i øvre Lien

I 1794 var det skjøte på øvre Håmår 2 skinn frå Erland Pedersen til lensmann Knut Trosdahl for 1599 rd. Knut Klemmetsson Trosdahl 1744-1823 frå søre Tråsådalen på Lesja var lensmann i Lom 1788-1792 og i Vågå 1793-1814. Trosdahl var gift med Johane Fredrikka Hansdotter Hvid 1764-1840 frå Folldal, dei hadde 10 barn:

Niels Peter f.1788

Johan Clements f.1790, seinare brukar

Anders 1792-1854, neste brukar

Marius Christian f.1793

Knut f.1794

Marie Kristine f.1796

Anne f.1797

Johanne Friderica f.1799

Mads Bjerregaard f.1800

Friederich Herman f.1807

I 1801 budde også sorenskrivar Mads Bjerregaard 1761-1831 på Håmår. Han var gift med Alet Ørtlein f.ca.1761 d.1846, dei kom til Uleberg i 1804. Mads og Alet hadde 2 barn:

Henrik Anker 1792-1860

Anne Marie 1793-1878, g.m. Andreas Molbech Lundh 1787-1867

Cristine M f.ca.1795, g.m. løytnant Ziegler, i Sundlien

Nyløkken 2 skinn vart i 1818 frådelt frå Håmår og seld frå enkja etter Knut Trosdahl, Johanne Frederike Trosdahl til Iver Olsen for 400 spd. I 1818 var det skjøte på Håmår 1 hud 10 skinn frå Knut Trosdahl til sonen lensmann Anders Trosdahl for 800 spd. I 1838 og 1842 vart han nemnd som kontorbetjent. Anders Trosdahl vart i 1815 gift med Christine Wang, dotter til presten Marcus Frederik Bang Wang f.1760 og Jacobine Edvardine Munch 1770-1853. Dei hadde 8 barn:

Markus Frederik Bang Vang f.1816

Knut f.1818

Peter Munch f.1818

Christian Adolph Storm f.1827

Carl Julius f.1834

Jens Mathias Berbom f.1838

Hermana Johanna Bolette 1840-1842

Frederik Antonette Emilie 1840-1842

Med Ragnhild Syversdtr. Brustuen hadde Anders Trosdahl sonen:

Ole f.1837

I 1823 var det makeskifte med Håmår skyld 1 hud 10 skinn slik at Johannes Rasmussen overtok Håmår medan Anders Trosdahl overtok Sandbu sygard nistugu. Same året vart ein skogteig 1 skinn frådelt frå Håmår og skjøta til krigsråd Molbeck Lundh for 50 spd. Johannes Rasmussen Sandbu f.ca.1795 var son til Ramus Johannessen Sve f.1770 og Anne Marie Larsdtr. Jarmann 1771-1815.

I 1827 selde Johannes Rasmussen øvre Håmår skyld 1 hud 9 skinn til Johan Trosdahl for 800 spd. Johan Trosdahl f.1790 vart 1812 gift med Christine Tronhuus, dei hadde 1 barn:

Johan Frederik 1818-1820

Johan Trosdahl flytte seinare til Sel Han var fortsett gift da han i 1852 fekk barn med Marit Haugen, og i 1854 vart han som enkjemann gift med henne. Marit Johnsdotter Haugen, Sel f.ca.1819 og Johan hadde 4 barn:

Johan f.1852

Caroline f.1852

Marit f.1855

John f.1858

I 1832 var det skjøte på Håmår skyld 2 huder frå Johan Trosdahl til Poul Tolstad for 900 Spd. Øvre Håmår har sidan vore ein del av Taulstad. Ved skifte i 1869 vart Håmår overført frå Paul Tolstad til Hans Tolstad. Seinare vart Håmår samanføyd med Tolstad til eitt matrikelnummer.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Tolstad

Folketelling 1801

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Digitalarkivet: Panteregister

Utskrifter tingbøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: Prester i Vågå sogn, Jutulen 2012

Gunnar Ottosen: Lensmenn i Vågå

Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2

Jakup Skjedsvoll: notat om skattelister på 1620-talet

Sveinlykkja – Lykkja – Håmårlykkja

Nyløkken 2 skinn vart i 1818 frådelt frå øvre Håmår. Knut Trosdahl overdrog Håmår til sonen dette året og heldt att Nylykkja. Knut Klemmetsson Trosdahl 1744-1823 frå søre Tråsådalen på Lesja var lensmann i Lom 1788-1792 og i Vågå 1793-1814. Knut Trosdahl hadde Håmår frå 1794. Trosdahl var gift med Johane Fredrikka Hansdotter Hvid 1764-1840 frå Folldal og dei hadde mange barn.

Nylykkja vart i 1823 seld frå enkja Johanne Frederike Trosdahl til Iver Olsen for 400 spd. Iver Olsen Blessemeiet f.ca.1793 d.1863 vart 1824 gift med Rønnev Nilsdotter Strand n. f.1797 dotter til Nils Fredriksen Lunde 1764-1854 og Ymbjør Larsdtr. Øy ø Haugøy 1761-1851. Ved barnefødsel i 1837 var dei i Hammerlykken. Iver og Rønnev hadde 2 barn:

Nils f.1822

Hans Petter f.1837

I 1839 var det skjøte Iver Olsen til Lars Nilsen Stranden for 265 spd. Dette var Lars f.ca.1802 d.1885 som var bror til Rønnev. Lars var ugift.

I 1850 var det skjøte på Løkken frå Lars Nilsen til Hans Hansen Visdal for 200 spd. Hans Hansen Visdal f.1816 var son til Hans Nilsen Visdal u. 1783-1823 og Eldri Erlandsdtr. Holen f.ca.1785 d.1819. Hans vart 1848 gift med Ingri Hansdotter f.1815 dotter til Johannes Syversen Sandnes s. 1781-1873 og Gunhild Iversdtr. Viste 1780-1877. I 1865 var Hans losjerande smed. Heile familien flytta til Ålesund i 1869. Hans og Ingrid hadde 6 barn:

- Hans f.1848
- Anne f.1850
- Iver f.1851
- Eldri f.1854
- Syver f.1856
- Nils f.1860

I 1867 var det skjøte frå Paul Hansen Øy etter fullmakt frå Hans Hansen til Hans Olsen Sveine for 550 spd. Hans Olsen f.1830 var son til Ola Gunnarson Skrukstad, Dovre f.ca.1784 d.1852 og Anne Hansdtr. Sveine 1797-1877. Hans vart 1855 gift med Marit Nilsson Bakken, Skjåk f.1824, dei hadde 4 barn:

- Ola 1856-1919, g.m. Eldri Eriksdtr. Veggumsløkken 1863-1939. Til øvre Bjørnstad.
- Else f.1863
- Anne 1863-1863
- Nils 1865-1934, neste eigar

I 1888 var det skjøte på Løkken (løpenr. 2, gnr. 2 bnr. 1) frå Hans Olsen Sveine til sonen Nils Hansen Sveine for kr 3600 inkl. føderåd verdsett til kr 1000. Nils var gift med Oline Olsdotter Bårstad f.ca.1865. I 1891 var familien på Hesthagen i Garmo der Nils var landhandlar. I 1897 fekk Nils skjøte på Pillerviken.

I 1893 var det skjøte frå Nils Hansen Sveine til Hans Syversen Braaten for kr 3000. Hans f.1855 var son til Syver Olsen f.1818. Hans var gift med Gunhild Pålsdotter Kolstad f.1853, dei hadde 8 barn:

- Ingebjørg f.1882
- Pål 1885-1973, neste brukar
- Syver f.1887
- Ingri f.1890
- Ole f.1892
- Hans f.1894
- Gustav f.1898

Pål overtok i 1943. Han vart 1942 gift med Kari Bråten 1898-1980, dei hadde 1 barn:

- Gudveig Ingrid f.1943, g.m. Svein Arne Andreassen

Eigar 1964-1990 var Hans Ulsletten 1915-1990, han var gift med Olga Brobakken, Heidal f.1916.

Eigar 1990-1994 var Ådne Snerlebakken f.1959.

Eigar frå 1994 Finn Bergheim, Sel f.1965.

Klebervegen 125

Utsikten gnr. 2 bnr. 3 vart frådelt frå Sveinlykkja i 1966 med skjøte 1971 frå Hans Ulsletten til Gudveig P Bråten f.1943.

Kjelder:

Jon Kolden: Bygdabok for Lom 1 og 2

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slektar på Nordre Strand

Imbertlykkja – Taulstadlykkja – Håmårlykkja

Imbertlykkja vart i 1865 og 1875 nemnd som Håmårlykkja. Dette låg under øvre Håmår som kom under Tolstad i 1832.

Engebret Knutsen f.ca.1788 d.1861 vart 1809 gift med Kari Hansdotter f.ca.1893 d.1844. Dei vart nemnde som husmannsfolk på øvre Håmår/Håmårreige frå 1817. Engebret og Hari hadde 6 barn:

Anne f.ca.1812

Hans 1814-1828

Knut 1817-1818

Knut 1820-1844

Else f.1824, neste brukar

Mari f.1828, hadde sonen Iver Johnsen f.ca.1860

Else var gift med Ole Christoffersen f.ca.1825, i 1865 og 1875 var han husmann med jord i Håmårlykkja. Ole og Else hadde 4 barn:

Engebret f.1846, neste brukar

Christoffer f.ca.1848

John f.1858

Johannes f.1861

Engebret var gift med Mari Olsdotter f.1844, i 1900 og 1910 var Ingebret husmann med jord i Engebretløyken, i 1920 nemnd som Tolstadløyken. Engebret og Mari hadde 6 barn:

Else f.1869

Ole f.1872

Ole f.1874, neste eigar

Torstein 1878-1949, neste eigar

Rønnaug f.1885, g.m. Hans Vetlberget f.1887

Iver f.1889

Ole f.1874 var i 1920 møllemester på Østlandske steneeksports talkummølle. Tolstadløyken gnr. 1 bnr. 15 vart 1947 frådelt frå Taulstad med skjøte frå Tolstad med skjøte frå Hans Tolstad til Tosten og Ola Tolstadløyken for kr 4500. I 1949 var det heimelsovergang på Tostens halvdel til Ola i samsvar med testamentar.

Mathias Stenstuen f.1896 kjøpte Tolstadlykkja av Ola Tolstadvøkken i 1949 med skjøte for kr 6000 inkl. lausøyre kr 1500, Ola skulle ha burett i søre del av stugu. Mathias Stenstuen Teigen 1896-1986 var son til Hans Stenstuen og Rønnaug Sagdalen. Mathias vart 1942 gift med Torø Kvamme 1906-1984, dei hadde 1 barn:

Anne-Rønnaug f.1943, neste eigar

Anne-Rønnaug overtok etter faren i 1979. Ho vart 1989 gift med Jan Egil Ophus, Ringsaker f.1938 son til Kåre Ophus f.1910 og Andora Johansen f.1910. Anne-Rønnaug og Jan Egil har 3 barn:

Ola Grimsby f.1968

Tore Mathias Grimsby f.1970

Frøydis Anne Teigen f.1982

Klebervegen 101

Granli gnr. 1 bnr. 17 vart 1949 frådelt frå Taulstadlykkja/Imbertlykkja med skjøte frå Ola Tolstadvøkken til Magnus R Tolstadvøkken f.1927.

Klebervegen 104

Skogli gnr. 1 bnr. 22 vart 1953 frådelt frå gnr. 1 bnr. 15 med skjøte frå Ola Tolstadvøkken vedteke av heimelharar Mathias Stenstuen til Hans Snerlebakken f.1919. I 1982 var det skjøte til Kjell Snerlebakken f.1959.

Klebervegen 116

Asmundstad gnr. 1 bnr. 31 vart 1971 frådelt frå gnr. 1 bnr. 15 med skjøte 1972 frå Mathias Stenstuen til Asmund Stenstuen f.1911. I 1976 var det skjøte til Arne Magne Stenstuen f.1952.

Klebervegen 120

Solbakken gnr. 1 bnr. 28 vart 1964 frådelt frå gnr. 1 bnr. 15 med skjøte frå Mathias Stenstuen til Alf O Kleiven f.1932.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bruvik – Håmår skogteig

I 1823 var det makeskifte med Håmår øvre skyld 1 hud 10 skinn slik at Johannes Rasmussen overtok Håmår medan Anders Trosdahl overtok Sandbu sygard nistugu. Same året vart ein skogteig 1 skinn frådelt frå Håmår og skjøta frå Johannes Rasmussen til krigsråd Molbech Lundh for 50 spd.

I 1859 var det skjøte frå Anders Molbech Lundh til veginspektør Soleglad. I 1860 var det skifte i veginspektør Solglad og avdøde hustru Kari Thorsdotters bu der enkjemannen fekk seg utlagt skogteigen for 400 spd.

I 1861 var det skjøte på Hammer skogteig frå veginspektør Soleglad til kaptein I M Brun for 550 spd.

I 1865 var det auksjonsskjøte på Hammer skogteig gnr. 4 bnr. 3 til G Saastad for 200 spd.

I 1890 vart Bruvikteigen gnr. 4 bnr. 4 frådelt frå Hammer skog (Bruvik) gnr. 4 nr. 3 med skjøte frå Gunvald Såstad til den norske stat for kr 1800. Gunvald Olsen, Modum f.1827 var son til Ole Jensen Saastad. Gunvald var gift med Jøran Nilsson, Modum f.1828. I 1865 budde familien på Teigen og vart nemnd som eigar av eit stykke jord som nok var Bruvik. I 1875 var familien på Bruvik, Gunvald var enkjemann, vegoppsynsman og gardbrukar på Bruvik. Gunvald og Jøran hadde 4 barn:

Nikoline f.1856, g.m. Knut Knutsen Haugen f.1847. I Skrædestuen i 1900.

Berte Kathrine f.1859, g.m. Tore Torsen Hesthagen f.1860

Olaus f.1861, neste brukar

Nikolaus f.1863

Gunvald vart 1876 gift på nytt med Dagne Jørgensdatter Havn, Sollia f.1852 dotter til Jørgen Pedersen Havn.

Gunvald hadde med Anne Olsdr. Hammerløkken f.1860 1 barn:

Ymbjør f.1886, turistvertinne på Mysusæter

I 1894 var det kjøpekontrakt frå Gunvald Saastad til Olaus Saastad på gnr. 4 bnr. 3 for kr 600,-. Olaus var i 1900 stasjonshaldar og gardbrukar. Olaus vart 1887 gift med Ingeborg Andersdatter Engen 1854-1944, dei hadde 6 barn:

Gustav f.1887

Anton f.1889

Jon 1890-1983, seinare eigar

Inga 1891-1898

Kari f.1893

Olaf f.1896, postopnar og handelbestyrar på Bruvik for Lalm kooperative handelsforening i 1920

I 1909 var det auksjonsskjøte til Gottlieb Rognstad for kr 10000. Gottlieb Rognstad, Hurdal f.1878 var i 1910 stasjonsstasjonshaldar, han var gift med Mari f.1885. Gottlieb og Mari hadde 1 barn:

Gunda f.1910

I 1912 vart det tinglyst kjøte frå Gottlieb Rognstad til John O Saastad for kr 12000. I 1920 var han bonde og stasjonshaldar.

I 1924 var det auksjonsskjøte til I H Bragelien for kr 19500 samt overtaking av føderådskontrakt til Ymbjør Saastad verdsett til kr 2000. Iver Bragelien, Sjoa 1885-1950 var son til Hans Bragelien og Kari Leine. Iver vart 1917 gift med Helene Eide, Sjoa 1896-1979. I 1940 var det auksjonsskjøte til Anna S Bragelien og Anton J Eide for kr 18800. Det står at

Anton var bror til Helene og at Anna d.1945 var mor hennar. I 1946 var det skjøte attende til Helene Bragelien. Iver og Helene hadde 4 barn:

Klara Margrethe f.1918, g.m. Albert Jordet
Martha Alvhilde f.1923, g.m. Sverre Mæhlum
Jarle Hermann f.1933, neste eigar
Helga Inger f.1933, g. Skånsar

Jarle overtok etter mora 1971. Han vart 1961 gift med Anna Marie Schjøll, Veste Toten f.1932 dotter til Mauritz Schjøll f.1879 og Marit Houg f.1898. Jarle og Anna Marie har 2 barn:

Marit f.1962, g.m. Vegard Veierød
Iver f.1966

Skrædestuen – Nikolinestugu

Nikoline Gunvaldsdotter f.1856 frå Bruvik budde i 1900 på Skrædestuen under Bruvik gnr. 4 bnr. 3. Dette låg på innsida av vegen nord for Jordet Ottadalsvegen 1703. Nikoline vart 1877 gift med Knut Knutsen Haugen f.1847 som var skreddar, son til Knut Knutsen Snerleiege Svarvarhaugen. Nikoline og Knut hadde 4 barn:

Gunvald f.1881
Jørgen f.1887
Marit f.1895, g.m. Hans Bråten
Paul f.1898

Ottadalsvegen 1703

Jordet gnr. 4 bnr. 19 vart 1940 frådelt frå Bruvik gnr. 4 bnr. 3. I 1955 var det skjøte frå arvingane etter Anton Eide og Anna I Brageliens arvingar Sverre Bragelien, Karen Bragelien Eide, Paul Bragelien og Ruth Frustad til Albert Jordet 1919-1991. Klara Jordet fekk heimel ved uskifte i 1991. Lillian Ulsletten f.1976 og Rune Ymbjørgøyen f.1973 har heimel på eigedommen frå 2003.

Brustuguvegen 10

Gnr. 4 bnr. 69 vart frådelt frå gnr. 4 bnr. 19 i 1996. Jan Erik Bråten Sandum f.1979 har heimel frå 2002.

Brustuguvegen 13

Gnr. 4 bnr. 73 og 74 vart frådelt frå gnr. 4 bnr. 69 i 2000. Ole Martin Sagdalen f.1973 har heimel frå 2001.

Brustuguvegen 11

I 1950 var det feste på gnr. 4 bnr. 3 festnr. 1 frå Helene Bragelien til Kristian Haugen. I 1986 var det skjøte med overføring av festeretten til Svein Luseter f.1966. Festet vart 1999 omgjordt til gnr. 4 bnr. 72. Øyvind Frikstad f.1972 har heimel frå 2018.

Brustuguvegen 6

I 1950 var det festekontrakt på gnr. 4 bnr. 3 feste nr. 2 frå Helene Bragelien til Audun Jordet. I 1973 var det skjøte frå Audun Jordet til Gustav Finsrud f.1945. Festet vart 2001 omgjordt til gnr. 4 bnr. 75 med skjøte til Gustav Finsrud.

Brustuguvegen 9

I 1950 var det festekontrakt på gnr. 4 bnr. 3 feste nr. 3 frå Helene Bragelien til Ole Snerlebakken. Festet vart 2001 omgjordt til gnr. 4 bnr. 76. Bjørn f.1947 og Ingebjørg f.1959 har heimel frå 2022.

Ottadalsvegen 1721

I 1957 var det feste på gnr. 4 bnr. 3 festnr. 5 frå Helene Bragelien til Anders Skogum f.1933. I 1973 var det skjøte på eigedommen med festerett til Inga Bakken f.1915 Festet vart 1996 omgjordt til gnr. 4 bnr. 68. Berit Brun f.1953 har heimel frå 2021.

Ottadalsvegen 1723

I 1953 var det feste på gnr. 4 bnr. 3 festnr. 4 frå Helene Bragelien til Olav Myrum. Festet vart 2003 omgjordt til gnr. 4 bnr. 79. Jon Bakken f.1970 har heimel frå 2011.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske Gardsbruk 1953-1997

Paul Brun

Håmår nistugu

I 1613-1614 og vidare nemnd på 1620-talet var det to brukarar av Håmår, Lars Håmår betalte skatt som medbrukar.

I 1645 var det to brukarar av Håmår, den eine var Oluff.

Håmår vart i 1666-1668 nemnd som ein gard med to brukarar, oppsitjarane eigde 3 huder og kongen 1 hud. Tosten Knutsen var den eine brukaren som brukte halvdelen. Dette ser ut til å vera Torstein Knutsen Kleppe n. 1624-1700 son til Knut Olsen Kleppe og Kari Ivarsdotter Sandbu u-s f.ca.1573. Torstein vart ca. 1652 gift med Brit Tordsdotter Bjølstad f.ca.1624 d.1698 dotter til Tord Tordsen Bjølstad f.ca.1575 d.1675 og Ingrid Olsdr. Slette f.ca.1605 d.ca.1672. Torstein vart også brukar på Kleppe. Torstein og Brit hadde 5 barn:

Ivar f.ca.1652 d.ca.1730, g.m. Guri Olsdotter Hjelle, Dovre 1664-1751

Ola f.1653

Tord 1659-1719, g.m. Ingeborg Pålsdr. Romundgard d.1730. Til Romundgard.

Tjøstolv f.ca.1666 d.1724, g.m. Synnøve Persdr. Sandbu f.ca.1667 d.ca.1700, g.2.m.

Barbro Jakobsdr. Austrem n f.før 1685 d.1740. Til Holbø n. og Valbjør.

Tora f.ca.1660 d.1695, g.m. Jon Eriksen Helle 1666-1724

Skoskatten 1711 viste at da var Tord Hammer brukar på Håmår, han vart også nemnd i 1702. Dette må vera Tor Mikkelsen frå uppistugu Håmår, son til Michel Guttormsen Hammer d.ca.1698. Tor d.ca. 1719 var gift med Marit Haldoesdotter, i 1723 vart ho nemnd som

oppsitjar og eigar av 1 ½ hud med bygsel over ½ hud som tilhørde kongen. Tor og Marit hadde 3 barn:

Oluf, neste brukar

Hans f.ca.1700

Ragnhild d.før 1719, ho hadde dottera Kari Hansdtr. f.ca.1712

I 1739 fekk Ole Tordsen Hammer skjøte på neristuen Hammer skyld 2 huder etter å ha betalt det som stod i skiftebrevet etter hans avdøde hustru Marit Poulsdtr. Ole Thorsen kjøpte ½ hud frå kongen i 1739 for 35 rd. Ole Tordsen Hammer f.ca.1692 d.1777 var gift med Marit Paulsdotter d.1737, dei hadde 5 barn:

Tord f.1724, neste brukar

Paul f.1724

Marit f.1727

Hans f.1733

Marit f.1738

Ole Tordsen Hammer vart gift på nytt med Randi Rasmusdotter, dei hadde 7 barn:

Gulbrand f.1739, skifte 1774

Synnef 1744-1807, g.m. Hans Larsen Kvernhusbakken 1741-1813

Ragnhild f.1745, g.1797 m. Nils Olsen Finnbrustugu, til Klokkargarden

Ragnhild f.1746

Anne f.1849

Marit 1753-1754

Anne f.1754

Thor Olsen overtok etter faren, truleg ved skifte i 1759. Han var gift med Kari Jonsdotter. Dei hadde 3 barn:

Jon f.1764

Marit f.1766

Poul f.1769

I 1766 var det skjøte på nedre Håmår skyld 2 huder frå Thor Olsen Hammer i samråd med kona Kari Jonsdotter til Guttorm Michelsen Hammer for 1500 rd. Han vart da eigar av både oppigard og nigard. Guttorm Michelsen Håmår f.ca.1711 d.1780 var gift med Kirsti Sarqvesdotter f.ca.1712 d.1785, dei hadde 5 barn:

Ole, myndig i 1780

Anne f.1742, g.m. husmann Knut Paulsen

Kari f.1745 d.før 1780

Hans 1752-1752

Ingrid f.1756, 23 år i 1780

I 1780 var det offentleg auksjon over øvre og nedre Håmår, høgstbydande vart Iver Thorsen Tofte med bud 2211 rd.

I 1783 var det skjøte frå Iver Tordsen Haagenstad på nedre Håmår skyld 2 huder til Syver Tordsen Bjørnstad og hustru Marit Olsdtr. (frå Heringstad?) for 1150 rd.

I 1786 var det skjøte frå Syver Thoresen Bjørnstad til Hans Christensen Hammer på nedrestuen Hammer skyld 2 huder for 1130 rd. Hans Christensen f.ca.1750 d.1826 var frå Fellese, son til Christen Iversen Fellese f.ca.1695 og Ingeborg Amundsdr. oppigard Viste. Hans vart i 1785 gift med Imbjør Guttormsdotter 1760-1847, dotter til enkjemann Guttorm Heringstad og ugift Imbiør Tjøstelsdr. truleg Kleppe s. f.ca.1732. Hans og Imbjør hadde 5 barn:

Tjøstel 1785-1866, neste brukar
Imbjør 1789-1871, g.m. Ole Olsen f.ca.1781. Til Håmårlykkja
Ragnild f.ca.1793
Iver f.ca.1796 d.1877, ugift, føderådsmann i 1865
Hans f.ca.1798 d.1860, g.1828 m. Anne Rasmusdr. Sandbu f.ca.1803. Til Håmårlykkja

I 1808 var det skiftebrev etter Hans Christensen, sonen Tjøstel Hansen har hjemmel og det går fram at foreldra selde garden til Tjøstol for 1000 rd. I 1827 avstod Tjøstel Hansen eit jordstykke Teigen under nedre Hammer til Ingebor Eriksdr. Tjøstel Hansen Hammer vart 1825 gift med Rønnaug Ivarsdotter Sylte f.1804 frå Fron, ho reiste til USA i 1870. Tjøstel og Rønnaug hadde 6 barn:

Ingeborg f.1827, g.1854 m. Ole Olsen Tolstadeie f.ca.1824, til USA 1854
Hans f.1830, neste eigar
Marit f.1833, g.m. Paul Svendsen Bolstadløkken f.1826, i Håmårlykkja i 1875
Ymbjør f.1838, ho hadde sonen Hans f.ca.1864
Jacob f.1842, g.1870 m. Ragnhild Hansdr. Josten f.ca.1848
Gunild f.1846

Sonen Hans Tjøstelsen overtok etter faren, truleg i 1858. Hans vart 1858 gift med Marit Syversdr. Ryen (Hovda) f.1829 dotter til Syver Andersen Sve 1789-1855 og Tore Larsdr. Hovde f.1797. Familien reiste til USA i 1858. Hans og Tore hadde 1 barn:

Lars f.1854

Hans selde same året som han overtok i 1858 garden til bror til kjerringa Anders Syversen 1819-1875. Anders Syversen Ryen var son til Syver Andersen Sve 1789-1855 og Tore Larsdr. Hovde f.1797. Anders vart i 1851 gift med Anne Pedersdotter uppistugu Faukstad f.1827 dotter til Peder Pedersen Faukstad. Etter Håmår var Anders og Anne på øvre Bilben. Anders og Anne hadde 8 barn:

Mari f.1851, g.1877 m Anders Fransson midtre Ekre
Syver f.1853, til Amerika i 1871
Peder f.1856
Ragnhild f.1860
Kari f.1863
Thor f.1866
Hans f.1869
Anders 1873-1874

I 1865 var det ny familie på Håmår. Ole Olsen Viborg fekk i 1863 skjøte frå Anders Syversen Bilben for 800 spd. Ole Olsen Viborg f.ca.1811 frå Ringebu var gift med Rønnaug Erlandsdr. f.ca.1811, dei hadde 5 barn:

Erland f.ca.1837

Barbro f.ca.1843
Mari f.ca.1845
Eilev f.ca.1850
Hendrik f.ca.1854

I 1875 vart det ny eigar av Håmår, det var da skjøte til Ole Jacobsen Hammer for 2000 kr. Ole Jacobsen nørdre Holen 1829-1917 var son til Jacob Olsen Siem f.1792 og Kari Olsdotter Holen 1805-1833. Ole vart i 1865 gift med Rønnaug Iversdotter Svendstad f.1833 dotter til Iver Nilsen Svendstad. I 1865 budde familien på Svendstad. Ole og Rønnaug hadde 5 barn:

Mari f.1865
Knut 1868-1952, neste brukar
Iver f.1871
Kari 1872-1878
Imbjør 1876-1882

Knut Hammer fekk skjøte frå faren i 1889 for kr 8300. Knut var gift med Rønnaug Johannesdotter Veggum 1869-1968 dotter til Johannes Amundsen Austrem/Sunde 1847-1917 og Guri Olsdtr. Veggum n. 1841-1908. Knut og Rønnaug hadde 1 barn:

Ole 1905-, neste brukar

Del av Håmår, upigard gnr. 4 bnr. 10 vart 1918 frådelt og seld med skjøte frå Knut Hammer til J L Solberg for kr 12000, den gamle Håmårsætra skulle bli sæter for bnr. 10. Frå 1.12.1921 vart bnr. 10 bortleigd i 15 år til Knut J Rusten for årleg leige kr 600. Jevne gnr. 4 bnr. 12 vart frådelt frå bnr. 10 i 1923. I 1927 vart uppistugu Håmår gnr. 4 bnr. 14 frådelt frå bnr. 10 med kjøpekontrakt frå J L Solberg til Knut J Rusten for kr 7000. I 1936 var det auksjonsskjøte på gnr. 4 bnr. 14 til Ola Hammer for kr 5000, dermed kom denne delen saman med Håmår att. For upigard gnr. 4 bnr. 10 var det i 1969 heimelsovergang frå J L Solberg d.1969 til arvingane Egil Solberg f.1926 og Berit Lyng f.1922 og vidare skjøte frå Berit Lyng til medarving Egil Solberg.

I 1937 var det skjøte på Håmår frå Knut Hammer til sonen Ole K Hammer for kr 2000. Ole Hammer var gift med Anna Andersdtr. Nystuen Bjørnstad n. 1904-1998. Dei hadde 4 barn:

Ragnhild f.1932
Astrid f.1935
Klara f.1940
Guri f.1942

Arne Hammer f.1953 tok over etter besteforeldra i 1979. Han er son til Ragnhild Hammer f.1932 og Knut Fredriksen f.1932. Arne vart i 1984 gift med Rønnaug Siem f.1960 dotter til Hans Siem f.1930 og Klara Spakrud f.1932. Arne og Rønnaug har 3 barn:

Kari f.1981
Randi f.1986
Hilde f.1991

Klebervegen 99

Flaten gnr. 4 bnr. 15 vart 1932 frådelt frå Håmår med skjøte 1948 frå Ola Hammer til Ragnvald Tolstadvåg for kr 200. Barna var Magnus, Klara g. Austrem og Pål. Egil Rune Skogum f.1971 har heimel frå 2006.

Klebervegn 81

Skogli gnr. 4 bnr. 23 vart 1953 frådelt frå Håmår med skjøte frå Ola Hammer til Harald Skar d.1986. Rønnaug Skar overtok ved uskifte i 1986.

I 1913 fekk Syver H Lunde bygsel på tomt frå Knut O Hammer.

I 1922 fekk Thea Evensen bygsel på tomt frå Knut Hammer.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Tolstad, Fellese m.v.

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Utskrifter tingbøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Engen, 2012: Gards- og slektshistorie for Heidal

Jakup Skjedsvoll: notat om skattelister på 1620-talet

Gammelposthuset – Jevne – Ekren

Anders Hansen Jevne, Fron 1851-1930 var son til Hans Paulsen og Tora Østendsdr., Kvam f.1808. Anders vart 1885 gift med Kari Andersdotter Baarstad 1858-1905 dotter til Anders Samuelsen. I 1900 budde familien på bygselbruket Postmoen (Lalm postaaabneri), Anders var postopnar og dei dreiv natteloşji og kaffeutsalg. Anders og Kari hadde 4 barn:

Thea 1886-1910

Hans f.1888

Inga f.1894

Anna 1903-1985

Gammelposthuset gnr. 4 bnr. 12 vart frådelt frå Håmår oppigard gnr. 4 bnr. 10 i 1923 med skjøte frå J L Solberg til A H Jevne for kr 200. I 1929 var det skjøte frå A H Jevne til døtrene Inga og Anna Jevne for kr 1200 inkl. lausøyre. Ekren gnr. 1 bnr. 2 vart frådelt frå Taulstad i 1904. Det var skjøte i 1933 frå Hans Tolstad til Inga Jevne og Anna Lund for kr 900.

Anns vart 1932 gift med Aksel Lund, Sarpsborg 1906-1981 son til Kristian Lund, Skiptvedt f.1884 og Andrine Olsen, Siljan i Telemark f.1884. anna og aksel hadde 2 barn:

Kari f.1932, g.m. Per Bjørkheim

Alf f.1937, neste brukar

Alf overtok i 1985. Han vart 1963 gift med Ingjerd Reiremo f.1939 dotter til Pål Reiremo f.1916 og Ida Østbakk f.1917. Alf og Ingjerd hadde 1 barn:

Arnt f.1964

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Ekren

Ekren gnr. 4 bnr. 9 vart 1912 frådelt frå Håmår gnr. 4 bnr. 1 med skjøte frå Knut Håmår til Knut J Rusten for kr 1500. Knut 1877-1951 var son til Jo Rusten og Ragnhild Solhjemslie. Knut vart 1908 gift med Mari Hammerløyken 1882-1955 dotter til Anne Olsdr. Håmårlykkja f.1860 og Jacob Eriksen Rottensbakken n. Knut og Mari hadde 8 barn:

Ragnhild

Anna

Julie

Ida

Ola

Jørgen

Kåre 1921-1984, neste brukar

Ingebjørg

Kåre overtok etter faren i 1983. Kåre vart 1944 gift med Ingrid Bolstadløyken f.1927 dotter til Mathias Bolstadløyken f.1898 og Ingebjørg Bråten f.1901. Kåre og Ingrid hadde 5 barn:

Bjørg f.1944, var g.m. Håkon Håkonsen

Egil f.1951, g.m. Astrid Rønningen

Knut f.1952

Odd f.1955

Elisabeth f.1958, g.m. Bjørn Jacobsen

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Stubrud – Enkjelykkja

I 1865 og 1875 var Hans Pedersen husmann med jord på nedre Teigen ved Skår (Håmårsteigen). Hans Pedersen Tolstadeie f.ca.1837 var son til Peder Hansen Pillervigen og Guri Johannesdr. f.ca.1814. Hans vart 1859 gift med Gunild Olsdotter Myrum f.ca.1838 dotter til Ole Hansen Myrum. I 1900 var Hans og Gunhild husmannsfolk i Enkjelykkja. Hans og Gunild hadde 6 barn:

Johannes f.1860

Ole f.1862
Guri f.1865
Tosten f.1870
Anton f.1874
Rønnoug f.1880

Stubrud gr, 4 bnr. 6 vart 1907 frådelt frå gnr. 4 bnr. 1 med skjøte frå Knut Olsen Hammer til Kristian Stubrud for kr 1000. Kristian Pedersen Stubrud, Heidal f.1873 var son til Peder Pedersen. Kristian vart 1895 gift med Hanna Gudbrandsdotter Melun Melsætra f.1865 dotter til Gudbrand Hansen Ulsanden s. f.ca.1825 og Ingri Christensdotter Rottenseie Rundhaugsreiret f.ca.1826. I 1897 budde Kristian og Hanna på Lillebråten og i 1900 og 1902 på Tamburplassen, i 1910 var Kristian feiar, sjølveigar og gardbrukar. Kristian og Hanna hadde 6 barn:

Anne f.1895
Iver f.1897
Karen 1900-1902
Johan f.1902
Karen f.1905
Hans f.1907

Hanna hadde med Ole Hansen Dybdalen f.1862 dottera
Guri f.1884

I 1917 var det skjøte frå Kristian Stubrud til Ole K Stenstuen for kr 3300. Ole Kristoffersen f.1888 var i 1920 ugift og arbeidde på talkumbrotet. Oline Olsdotter Kringlehaugen f.1886 var hushaldar. Kristoffer K Stenstuen f.1850 budde også der.

I 1929 var det skjøte frå Ole K Stenstuen til Olaf Saastad for kr 4300. Olaf Saastad fekk etter gjeldsordning auksjonsskjøte i 1937. Olaf Saastad 1896-1977 var son til Olaus Saastad og Ingebjørg Enge. Olaf vart 1921 gift med Emma Evensen, Fåberg 1894-1942 dotter til Even Evensen og Berta Midtlien. Olaf og Emma hadde 5 barn:

Olav 1921-1989, g.m. Klara Skogheim
Edvin f.1923
Inger f.1924, g.m. Sverre Høibrtg
Gustav 1926-1997, g.m. Kirsten Adolfsen
Nelly f.1928, g.m. Oskar Waldemarsen

I 1943 var det skjøte frå Olaf Saastad til sønnene Olav og Edvin Saastad for kr 7200 inkl. lausøyre kr 2200.

Edvin vart 1950 gift med Karoline Haga, Finnøy i Ryfylke f.1919 dotter til Nikolai Haga og Berta Jørstad. Edvin og Karoline har 2 barn:

Kari f.1951, g.m. Paul Ruehl
Olav f.1954, g.m. Inger Johanne Jarnes

Klebervegen 21

Hagelund gnr. 4 bnr. 11 vart frådelt frå Stubrud i 1921 med skjøte frå Ole K Stenstuen til Knut A Braaten for kr 25. Knut f.1887 var gift med Ragnhild Larsdotter Kleiven f.1888, dei

hadde 3 barn Ella f.1915, Arthur f.1918 og Haakon f.1920. Kirsten Bråten f.1970 har heimel frå 1998.

Klebervegen 16

Gnr. 4 bnr. 52 vart frådelt frå Enkjelykkja gnr. 4 bnr. 6 i 1971 og gnr. 4 bnr. 59 i 1978. Kjell f.1948 og Agnes Bråten f.1948 har heimel.

Klebervegen 23

Gnr. 4 bnr. 58 vart 1978 oppretta av tidlegare festetomt gnr. 4 bnr. 6 f.nr. 6. Bjørn Saastad f.1956 har heimel frå 1993.

Klebervegen 7

Gnr. 4 bnr. 67 vart 1989 oppretta frå tidlegare festetomt gnr. 4 bnr. 6 f.nr. 5. Karin Emma Saastad f.1951 har heimel frå 2013.

Klebervegen 87

Ole Barhaugen fekk 1946 bygsel på festetomt nr. 4 frå Olav og Edvin Saastad. Dette vart 2006 omgjordt til gnr. 4 bnr. 78. Anders Barlund f.1990 har heimel frå 2012.

Klebervegen 89

Arne H Randen fekk 1943 bygsel på festetomt nr. 3 frå Edvin og Olav Saastad. Dette vart 2003 omgjordt til gnr. 4 bnr. 77. Arne Skogum f.1940 har heimel frå 2003.

Klebervegen 94

Gnr. 4 bnr. 55 vart 1974 frådelt frå Enkjelykkja gnr. 4 bnr. 6. Aud lillian Martinussen f.1944 har heimel frå 1987.

Klebervegen 98

Mathias Reiremo fekk i 1937 bygsel på festetomt nr. 2 frå O Saastad. Tomta vart 1996 omgjordt til gnr. 4 bnr. 70. Ola Sandum f.1941 har heimel frå 1996.

Ole K Stenstuen fekk i 1931 bygsel på **festetomt** frå O Saastad.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Håmårlykkja

Ole Olsen Hammer f.ca. 1781 vart 1818 gift med Ingeborg Hansdotter Hammer 1789-1871 frå nedre Håmår dotter til Hans Christensen Fellese Håmår f.ca.1750 d.1826 og Imbjør Guttormsdtr. 1760-1847. I 1824 var Ole og Ingeborg husmannsfolk på Håmårreige, 1832 og 1842 var dei på Bjølstadeige. Ingeborg var i 1865 hjå sonen på Håmårlykkja. Ole og Ingeborg hadde 6 barn:

Imbjør f.1816, på Håmårlykkja i 1865 og 1875
Ole f.1824, neste brukar
Hans f.1824, til Christiaia i 1844
Mari f.1832
Anne f.1835
Olia f.1842

Den ugifte Ole Olsen f.1824 var i 1865 og 1875 husmann med jord i Håmårlykkja.

I 1865 og 1875 var det to Håmårlykkjer under nedre Håmår. Hans var onkel til Ole i den andre Håmårlykkja.

Hans Hansen Hammer nedre f.ca.1798 d.1860 var son til Hans Christensen Fellese Håmår f.ca.1750 d.1826 og Imbjør Guttormsdr. 1760-1847. Hans vart 1828 gift med Anne Rasmusdr. Sandbu f.ca.1803 dotter til Rasmus Johansen Sve Håmår f.ca.1770 og Anne Larsdotter Jarmann 1771-1815. I 1865 var Anne husmannskone med jord i Håmårlykkja, i 1875 var ho føderådskone. Hans og Anne hadde 6 barn:

Lars f.1824
Hans f.1828
Ingeborg f.1831 d.etter 1920, seinare brukar
Rasmus f.1835
Johan 1842-1849
Iver f.1845, neste brukar

I 1875 var Iver husmann med jord. Iver vart 1872 gift med Ingri Knutsdotter Svarvarhaugen f.1848 dotter til Knut Knutsen Svarvarhaugen. Iver og Ingri hadde 2 barn:

Hans f.1871
Anne f.1878

Ingeborg vart 1866 gift med Ole Olsen Sørlien f.ca.1829 son til Ole Gulbrandsen Sørlien 1800-1861 og Mari Syversdotter Roe 1800-1875. I 1865 og 1875 var Ole husmann med jord på nedre Øygarden under Sørlien. I 1900 var han jordbrukande husmann i Håmårlykkja, i 1910 var det enkja Ingeborg som var husmann. Ole og Imbjør hadde 5 barn:

Mari f.ca.1856
Anne f.1860, hadde med Jacob Eriksen n. Rottensbakken dottera Mari f.1882,
og med Gunvald Saastad f.1834 dottera Ymbjør f.1886, seinare eigar
Marit f.ca.1864
Ole 1868-1951, neste brukar
Maria f.1872

Håmårlykkja gnr. 4 bnr. 8 vart 1912 frådelt frå Håmår gnr. 4 bnr. 1 med skjøte frå Knut O Hammer til Ole O Hammerløyken for kr 1600. Ole var i 1920 gardbrukar i Håmårlykkja. Ole var ugift, men hadde med Marit Iversdr. Bakken 1 barn:

Ragnhild f.1896

I 1933 var det skjøte frå Ole O Hammerløkken til Ingeborg Hammerløkken for kr 1254. Ingeborg var systerdottera, ho var turistvertinne på Mysusæter.

Tor Kleiven 1915-1978 kjøpte Håmårlykkja av Ingeborg Hammerløkken i 1952. Tor var son til Jakob Kleiven og Rønnaug Myrum. Tor budde på Taulstadkleiven.

Tor overdrog i 1978 til systersonen Arne Lonbakken, Sel f.1926. Han var son til Halvor Lonbakken, Brøttum 1902-1940 og Helene Kleiven 1904-1985. Arne vart 1953 gift med Eva Pedersen 1928-1994 dotter til Godtfred Pedersen, Halden f.1888 og Mildrid Dalby, Sel f.1905. Arne og Eva har 1 barn:

Svein f.1964, sbm. Lillian Lillebråten f.1964

Klebervegen 100

Skoglunn gnr. 4 bnr. 17 vart 1939 frådelt frå Håmårlykkja med skjøte 1940 frå Ingeborg Håmårlykkja til Jakob K Ulsletten. I 1982 var det skjøte til Arne Olav Ulsletten f.1946, Jakob og Inga Ulslette skulle ha burett.

Klebervegen 56

Ryen gnr. 4 bnr. 25 vart 1960 frådelt frå Håmårlykkja med skjøte 1961 frå Tor J Kleiven til Iver S Ryen d.1986. Ingerid Ryen overtok ved uskifte i 1986. Same året var det skjøte til Arne Ryen f.1937, Ingerid skulle ha burett.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Brustugu

Lars Erlandsen Lien 1778-1833 var son til Erland Pedersen Langrusten øvre Lien f.ca.1742 d.ca.1803 og Embjør Larsdotter Stade s f.1753. Lars vart 1828 gift med Anne Johnsdotter Hammereie f.ca.1788 dotter til John Sandbovangen, Kvam. I 1816 og 1819 vart ho nemnd som Skårseie og i 1825 på Rottem. Frå 1828 vart dei nemnde på Hammereie som truleg var her. Lars og Anne hadde 6 barn:

Ole 1810-1866, g.m. Marit Knutsdtr. Svarvarhaugen f.1811. Til Lilleodden og Hanslien.

Brith f.1816

Peder f.1819

Anne f.1828

Anne f.1830

Ingeborg f.1832, ugift. I Brustugu 1875. Hadde sonen Guttorm Olsen f.ca.1853

Etter dei tre fyrste barna, men før ho vart gift, hadde Anne med Iver Olsen Rottem 1 barn:

Jon f.1825, neste brukar

I 1865 var John Iversen husmann utan jord og vegarbeidar, i 1875 nemnd som arbeidsmann. I 1900 vart han nemnd som tømmerhauggar. John vart 1855 gift med Mari Olsdotter Bjølstadeie, Heidal 1829-1921 dotter til Ole Thorsen Bjølstadeie. I 1910 og 1920 budde Mari

i Brustugu saman dottera Marit og dotterdottra Marie og levde av penger frå barn i Amerika. John og Mari hadde 8 barn:

Marit f.1850, ugift. Hadde med Ole Nielsen Ryjon, Holum Stranden Veøy f.1863 dottera Marie f.1893 som kom til Dovre

Anne f.1854

Ole f.1857

Brit 1859-1860

Kari f.1860

Peder f.1863

Ole f.1868, til Amerika 1887

Iver 1875-1878

I dag er dette Brustuguvegen 7. Furulund gnr. 3 bnr. 18 vart frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 i 1972 med skjøte 1973 frå statens skoger til Kåre Ymbjørgøien f.1938. Også bestemora Mari Ymbjørgøyen budde der.

Siv Kristin Paulsen f.1974 har heimel frå 2023.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kari Bjørkheim

Håmårsteigen – Bruviksteigen – Lalm statskog

Nedre Håmår makeskifta i 1825 ein skogteig mot Hovdassætra slik at Sve overtok skogteigen. I 1875 var det skjøte frå Paul Paulsen Sve til Forstvesenet for 800 spd. Dette er gnr. 3 bnr. 1.

I 1875 vart ein skogteig frådelt frå nedre Håmår med skjøte i 1876 frå Ole Jakobsen til Forstvesenet for 1300 spd. Dette er gnr. 4 bnr. 2.

I 1890 vart Bruviksteigen gnr. 4 bnr. 4 frådelt frå Hammer skog (Bruvik) gnr. 4 nr. 3 med skjøte frå Gunvald Såstad til den norske stat for kr 1800.

Gnr. 4 bnr. 2, gnr. 4 bnr. 4 og gnr. 3 bnr. 1 vart 1967 samanføygd til gnr. 3 bnr. 1.

Skogen ovanfor sentrum på Lalm vart 2014 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 som gnr. 3 bnr. 70. Arne Hammer kjøpte dette og fekk heimel til gnr. 3 bnr. 70 i 2017, dermed kom denne skogteigen attende til Håmår.

Brustuguvegen 5.

I 1936 fekk Anders Bjørkheim festekontrakt på tomtefeste nr. 5. Skogly gnr. 4 bnr. 45 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 4 med skjøte 1964 til Anders Bjørkheim f.1895. Enkja Anne Bjørkheim fekk heimel ved overgang til uskifte i 1965. I 1982 var det heimelsovergang til

Kari Jørgensen, Per Bjørkheim, Gudmund Bjørkheim, Astrid Evjen og Liv Henriksen, og skjøte vidare til Solveig Bjørkheim f.1932

Brustuguvegen 3.

Bryn gnr. 3 bnr. 5. vart 1967 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1968 frå Statens skoger til Per Bjørkheim f.1930.

Sjårdalsvegen 1217

Brustad gnr. 3 bnr. 6 vart 1968 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Marit Bråten f.1895. i 1981 var det heimelsovergang til Knut Bråten f.1923 (1/3), Hans Gunnar Braaten f.1931 (1/3), Helge Kristian Bråten f.1946, Anne Marit Bråten f.1951, Sverre Braaten f.1957 og Kjetil Bråten f.1959. Trond Braaten f.1951, Svein Braaten f.1958 og Anne Marie Braaten f.1968 overtok Knut Braatens tredjedel i 1991.

Ottadalsvegen 1660

Elvesøg gnr. 3 bnr. 7 vart 1968 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Knut H Bråten f.1923. Dette var tidlegare festenr. 17 under gnr. 4 bnr. 4. Knut var gift med Torlaug Rusten. I 1989 var det skjøte til Jon Bjørkheim f.1962.

Ottadalsvegen 1662

Fjell gnr. 3 bnr. 4 vart 1967 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Guri Nerlien f.1913. Dette var tidlegare festetomt nr. 3 under gnr. 4 nr. 2

Hovudvegen

Ved gammelvegen ein del sør for huset til Guri Nerlien hadde Pål Eide og Barbro Damstuen hus. Seinare var det Pål Orrhaugen Fossen som hadde dette.

3/1/42

Nils P Berg og Rolf Berg fekk 1955 feste på tomt til verkstad og garasje, gnr. 4 bnr. 2 f.nr. 2. I 1989 vart dette utvida med gnr. 3 bnr. 1 f.nr. 42, og i 1991 vart desse tomtene samaføyd til gnr. 3 bnr. 1 f.nr. 1. Dette ligg mellom Hovudvegen og Ottadalsvegen.

Koløya

I 1946 var det festekontrakt på tomt til verkstadanlegg tomtefeste nr. 12 under gnr. 4 bnr. 4 frå skogforvaltaren til Knut Bråten, dette var tidlegare tomt til Norsk Brændselolje as.

I 1977 var det ny kontakt på same tomte på 4,8 da. Vågå mekaniske industrier AS v/Steinar Haugseth f.1953 overtok med auksjonsskjøte i 1989 og festeretten vart da overført.

Ottadalsvegen 1665

Edvin Brun fekk 1946 festekontrakt på tomtefeste nr. 8. Midttun gnr. 3 bnr. 24 vart 1974 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Edvin Brun f.1915.

Hovudvegen 5

Ole Jordet fekk i 1935 festekontrakt på festetomt nr. 3. Furumo gnr. 4 bnr. 42 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Ola J Løkken f.1915.

Ottadalsvegen 1669

Paal Berg fekk 1935 festekontrakt på tomtefeste nr. 4. Berg gnr. 4 bnr. 29 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte 1963 til Pål Berg f.1891. I 1964 var det skjøte til Else Tøndevoldshagen f.1926 og ektefelle Hans M Tøndevoldshagen f.1923. Ottadalsvegen 1667 vart 1979 frådelt frå bnr. 29 med skjøte i 1980 til Toril Teichert Øygarden f.1951.

Ottadalsvegen 1680

Langseth gnr. 4 bnr. 49 vart frådelt frå bnr. 4 i 1967 med skjøte til Ivar Ingebretsen 1908-1968. Inga fekk heimel ved overgang til uskifte i 1968. I 1986 var det heimelsovergang til Grethe Holbø f.1939 og Ivar Magne Ingebretsen f.1937. Bo Johnny Zanderhäll f.1951 overtok med skjøte i 1986. Harry Lillebråten f.1966 overtok med skjøte i 1990.

Skulevegen 1

Ringstad gnr. 4 bnr. 36 vart frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 i 1963 med skjøte frå statens skoger til Ola Lillebråten 1912-1983. Det står at dette tidlegare var festetomt nr. 13. Laura Lillebråten fekk heimel ved overgang til uskifte i 1983.

Skulevegen 3

Furuly gnr. 4 bnr. 43 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Nils P Berg 1913-1987. Det står at dette er tidlegare festetomt nr. 15. Kari Berg overtok heimelen ved overgang til uskifte i 1987. I 1990 var det skjøte til Arne Berg f.1938.

Skulevegen 6

I 1952 var det kontrakt mellom Anders Dissen og Tor Kleiven om at Tor og Petra Kleiven skulle ha rett til våningshusets andre etasje så lenge dei lever. Hjertebo gnr. 4 bnr. 30 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte 1963 frå statens skoger til Anders Dissen 1910-1985. Signe dissen overtok ved uskifte i 1985. I 1987 var det skjøte til Åse Barhaugen f.1934 og Jarle Johan Dissen f.1946. I 1991 var det skjøte frå Jarle Dissen på hans part til Åse Barhaugen og Oddvar Barhaugen f.1930.

Skulevegen 8

Vestre gnr. 4 bnr. 34 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Karl Holen f.1921. Dette var tidlegare festetomt nr. 11.

Skulevegen 9

Furuåkeren gnr. 3 bnr. 19 vart 1972 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1973 frå statens skoger til Kari Skreden f.1941.

Skulevegen 10

Gustav Holen fekk i 1945 festekontrakt på tomtefeste nr. 7. Furuseth gnr. 4 bnr. 35 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte til Gustav Holen f.1919 (det står da et det er tidl. tomt 14).

Skulevegen 12

Bergheim gnr. 3 bnr. 20 vart 1973 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Jan Arne Snerlebakken f.1949. Marie Snerlebakken f.1954 fekk heimel til eigdommen i 1991.

Kolbottvegen 1

Anne Rusten fekk 1935 festekontrakt på festetomt nr. 2 i Bruvikteigen. Bruvoll gnr. 4 bnr. 32 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Anne Rusten f.1901. I 1986 var det heimelsovergang til Torlaug Bråten f.1929.

Kolbottvegen 4 A

Lalm indremisjonshus gnr. 3 bnr. 11 vart 1970 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1971 frå statens skoger til Lalm indremisjon.

Kolbottvegen 6

Steinar Nymoen fekk i 1953 festekontrakt på festetomt nr. 2 i gnr. 3 bnr. 1. Nymoen gnr. 4 bnr. 41 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Steinar Nymoen f.1916.

Kolbottvegen 8

Skogli gnr. 4 bnr. 37 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 4 med skjøte 1963 frå statens skoger til Håkon Rusten f.1927.

Kolbottvegen 9

Kåre Jordet fekk i 1937 festekontrakt på tomtefeste nr. 6. Steinmo gnr. 4 bnr. 40 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Kåre Jordet f.1916. I 1976 var det skjøte til Audun Jordet f.1920.

Kolbottvegen 9 B

Gnr. 4 bnr. 83 vart frådelt frå bnr. 40 i 2009 med heimel til Åver AS.

Kolbottvegen 10

Fjellsjå gnr. 4 bnr. 38 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 4 med skjøte frå statens skoger til Gustav Lillebråten f.1923.

Kolbottvegen 11

Letten gnr. 4 bnr. 27 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Håkon Bråten f.1920. Seinare påteikning viser at Margit Braaten sat i uskifte.

Kolbottvegen 12

Friheim gnr. 3 bnr. 10 vart 1970 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Harald Bjørnstad f.1921. I 1986 var det heimelsovergang til Harriet Wahlstrøm f.1945, Kristin Brathovde f.1961, Elise Brathovde f.1958 og Jon Arne Brathovde f.1956. Samtidig var det skjøte vidare til Alv Randen f.1947.

Kolbottvegen 13

Bergmo gnr. 4 bnr. 28 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Jakob Bjørnstad 1916-1980. Borghild Bjørnstad sat i uskifte. I 1980 var det skjøte til Harald Bjørnstad f.1921. I 1986 var det heimelsovergang til Olave Bjørnstad f.1919. Samtidig var det skjøte vidare til Terje Bjørnstad f.1972.

Kolbottvegen 14

Furuholdt gnr. 3 bnr. 9 vart 1970 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Magna Lundby f.1922.

Kolbottvegen 15

Solås gnr. 4 bnr. 44 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte 1963 frå statens skoger til Hans O Randen f.1902. I 1976 var det skjøte til dottera Hildur Borgny Willåsen f.1944. I 1990 var det skjøte til Wenche Ritha Vilhelmsen f.1969.

Kolbottvegen 17

Lund gnr. 4 bnr. 54 vart 1971 frådelt frå gnr. 4 bnr. 46 med skjøte 1973 frå Ida Reiremo f.1917 til Alf Lund f.1937.

Kolbottvegen 19

Østbakk gnr. 4 bnr. 46 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte 1964 frå statens skoger til Ida Reiremo f.1917. I 1990 var det skjøte til Arnt Lund f.1964.

Kolbottvegen 21

Furuli gnr. 4 bnr. 47 vart 1965 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skogen til Amund Reiremo f.1930.

Furulivegen 1

Furuli gnr. 4 bnr. 26 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Arne Enge f.1926.

Furulivegen 2

Fjell gnr. 3 bnr. 22 vart 1973 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Anton Løkken f.1913. I 1983 var det skjøte til Steinar Skogstad f.1960.

Furulivegen 3

Gnr. 3 bnr. 17 vart 1972 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1973 frå statens skoger til Svein Kleiven f.1946.

Furulivegen 4

Fjellbu gnr. 3 bnr. 23 vart 1973 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1974 frå statens skoger til Hans Bårstad f.1947.

Furulivegen 5

Blinken gnr. 3 bnr. 21 vart 1973 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Magnus Lillebråten f.1935.

Kokkehølvegen 2

Kokkehølen gnr. 4 bnr. 31 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Per Kleiven f.1896. I 1973 var det heimelsovergang til einaste arving Magne P Kleiven f.1924. I 1974 var det skjøte til Erling O Ramstad f.1916. i 1989 var det skjøte frå Erling Ramstad til Torvald E Ramstad f.1945.

Kokkehølvegen 6

Ragnvald A Kleiven fekk i 1940 festekontrakt på tomtefeste nr. 1 i Håmårteigen gnr. 3 bnr. 1. Fjellstad gnr. 4 bnr. 33 vart 1963 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Ragnvald Kleiven f.1902.

Kokkehølvegen 8

Knut O Nettet fekk 1930 festekontrakt på bustadtomt frå gnr. 4 bnr. 4. Bruheim gnr. 3 bnr. 3 vart 1967 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte frå statens skoger til Knut K Nettet f.1927. I 1970 var det skjøte frå Knut K Nettet til Finn Melby f.1942, det står at han er gift med dotter til Sverre Letrud som er Knut K Nettes svoger.

Kokkehølvegen 10

Skoglund gnr. 4 bnr. 39 vart 1962 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte 1963 frå statens skoger til Odvar Barhaugen f.1930. I 1991 var det skjøte til Terje Odde f.1955 og Elisabeth Letrud f.1959.

Kokkehølvegen 12

Furulund gnr. 4 bnr. 48 vart 1965 frådelt frå gnr. 4 bnr. 2 med skjøte frå statens skoger til Arvid Barhaugen f.1928.

Kokkehølvegen 14

Maurstad gnr. 3 bnr. 8 vart 1968 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1969 frå statens skoger til Reidar Løkken f.1939.

Kokkehølvegen 16

Skogly gnr. 3 bnr. 13 vart 1972 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte 1973 frå statens skoger til Thor K Ulsletten d.y. f.1945.

Lalm samfunnshus

I 1957 vart det tinglyst festekontrakt frå 1953 der statens skoger festa bort tomt til L/L Lalm samfunnshus. I 1974 vart Lalm samfunnshus gnr. 3 bnr. 25 frådelt frå bnr. 1 med skjøte i 1975 frå statens skoger til L/L Lalm samfunnshus.

Olav Hanslien fekk i 1959 festekontrakt på tomt til verkstad. Dette var tomtefeste nr. 4 under gnr. 4 bnr. 2. I 1989 vart festeretten overført til Vågå kommune, samtidig var det skjøte på bebyggelsen til Vågå kommune. Dette låg ovanfor nyskulen.

Lalm bustadfelt

Vågå kommune fekk 1977 festekontrakt frå Gudbrandsdal skogforvaltning på 54 da. tomteområde til bustadformål, fest.nr. 5 under gnr. 3 bnr. 1. Dette vart omgjordt 1989 til gnr. 3 bnr. 27 med skjøte 1990 frå statens skoger til Vågå kommune.

Tomtefeste nr. 6, 1979, Arne Kleiven.

Tomtefeste nr. 7, 1979, Odd Kleiven. Omgjordt til gnr. 3 bnr. 34.

Tomtefeste nr. 8, 1979, Marit Nettet, omgjordt 1990 til gnr. 3 bnr. 28.

Tomtefeste nr. 9, 1979, Mari Olderløyken, overført til Gudmund Fonstad 1989.

Tomtefeste nr. 10, 1979, Ragnhild Bårstad, omgjordt 1990 til gnr. 3 bnr. 29.

Tomtefeste nr. 11, 1979, Erling Sagrusten, omgjordt 1990 til gnr. 3 bnr. 30.

Tomtefeste nr. 12, 1979, Arne Lillebråten.

Tomtefeste nr. 13, 1979, Olaf O Løkken.
Tomtefeste nr. 14, 1979, Magnus I Løkken.
Tomtefeste nr. 15, 1979, Arnulf Stavne.
Tomtefeste nr. 16, 1979, Ola P Kleiven, omgjordt 1990 til gnr. 3 bnr. 48.
Tomtefeste nr. 17, 1980, Ragnar Olderløkken.
Tomtefeste nr. 18, 1980, Reidar Snerlebakken, omgjordt til gnr. 3 bnr. 49.
Tomtefeste nr. 20, 1981, Finn Marsteinrædet.
Tomtefeste nr. 22, 1981, Kjell Stadeløkken.
Tomtefeste nr. 23, 1981, Per Kristian Kleiven.
Tomtefeste nr. 24, 1982, Jan Gunnar Reiremo.
Tomtefeste nr. 25, 1981, Arve Aasbakk, omgjordt 1990 til gnr. 3 bnr. 39.
Tomtefeste nr. 26, 1981, Aslaug Bjørnstad, omgjordt 1991 til gnr. 3 bnr. 36.
Tomtefeste nr. 27, 1981, Jonny Skogum.
Tomtefeste nr. 28, 1982, Ådne Snerlebakken f.1959, 1985 overført Arne Rag. Løkken f.1961
Tomtefeste nr. 29, 1985, Arve Danielsen,
Tomtefeste nr. 30, 1982, Odd Ivar Rolstad.
Tomtefeste nr. 31, 1986, Arild Høiby, omgjordt 1991 til gnr. 3 bnr. 44.
Tomtefeste nr. 32, 1982, Jostein Randen, omgjordt til gnr. 3 bnr. 37.
Tomtefeste nr. 35, 1982, Ole Øystein Skogum f.1962, 1989 overført Bjørn Benrud f.1962
Tomtefeste nr. 36, 1982, Terje Kleiven, omgjordt 1991 til gnr. 3 bnr. 40.
Tomtefeste nr. 39, 1986, Berit Tøndevoldshagen, omgjordt til gnr. 3 bnr. 45.
Tomtefeste nr. 40, 1985. Bodil og Jostein Tho, omgjordt 1991 til gnr. 3 bnr. 33.
Tomtefeste nr. 41, 1988, Bjørn Brandt.
Tomtefeste nr. 43, 1989, Steinar Lauvstad.

Pål O Reiremo fekk i 1946 festekontrakt på tomtefeste nr. 9 under gnr. 4 bnr. 4.

Kjelder:
Digitalarkivet: Panteregister
Paul Brun

Lalm skule

I 1900 var lærar Paul Knutsen Tronhus Nygard busett på Lalmsbro skole. Paul Nygaard, Sel f.1856 var son til Knut Nygaard. Paul vart 1886 gift med Marit Jakobsdotter Kleiven s. 1858-1926 dotter til Jakob Iversen Snerle Kleiven. Paul og Marit hade 4 barn:

Knut f.1887
Karen Borghild f.1892
Ivar Karsten f.1898
Olav Jakob 1898-1899

I 1910 budde familien Saastad på Lalm skolehus og Ingeborg dreiv kafe og losjiforretning. I 1920 var dei attende på Bruvik.

Paal Th. Nygaard fekk 1924 festekontrakt på Lalm gamle skule til beboelseshus og posthus. I 1935 var det skjøte frå skifteretten på vegne av Pål Nygaards dødsbu til Vågå kommune på Lalm gamle skule på festa tomt. Lalm lærarbustad gnr. 4 bnr. 16 vart 1936 frådelt frå gnr. 4 bnr. 4 med skjøte frå landbruksdepartementet til Vågå kommune.

Lalm skule gnr. 4 bnr. 13 vart i 1924 frådelt frå Brukvikteigen gnr. 4 bnr. 4 med kongeleg skjøte til Vågå kommune for kr 400. Dette var nyskulen.

Kolbottvegen 4, Lalm skule II gnr. 3 bnr. 2 vart frådelt frå bnr. 1 i 1967 med skjøte frå statens skoger til Vågå kommune.

I 1971 var det skjøte frå Vågå kommune til Vågå samvirkelag på gnr. 4 bnr. 13 og gnr. 3 bnr. 2.

Skulevegen 5 A, Skog gnr. 3 bnr. 15 vart 1972 frådelt frå gnr. 3 bnr. 1 med skjøte i 1973 frå statens skoger til Vågå samvirkelag.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.